



DEN STØRSTE MEDIEKANALEN I BJØRNAFJORDE

Os & Fusaposten → VI KAN HJELPA DEG MED

- PRINT
- DIGITALT
- CONTENT MARKETING
- NETTSIDER
- INNSTIKK
- GRAFIK



Bussjåfør med tid til overs: Kjell Gytri hadde gjort unna bussoppdraga sine for 2019 og hadde lyst til å gjera noko kjekt for nokon som ikkje har all verda å rutta med. I lag med Capri restaurant og "Hjelp til og hjelpa Os", sytte han for ein fin kveld for fleire familiar. Foto: Kenneth Svenningsen

Gav fleire familiar ein flott førjulskveld: Takkar Capri og Evy Søfteland for samarbeidet

+ 21 småbarnsmødrer med born fekk seg denne veka ein flott førjulskveld i Os og Bergen. Julenissesjåfør Kjell Gytri takkar samarbeidspartnarane for det vellukka opplegget.



Kenneth Svenningsen

Publisert: 20.12.2019 20:00

Sist oppdatert: 20:00



- Dette må eg seia var dei best investerte litrane med diesel eg nokosinne har spandert. Snakk om flott å kunna gje så mange osingar ei skikkeleg førjulskveld-oppleving, seier Gytri.

Han er rask med å presisera at han ikkje ønskjer skryt for sin vesle innsats, men heller ønskjer å heidra dei som var med å få til

opplegget som til saman utgjorde ein heilaftan for fleire små familiar.

LES OGSÅ

Treng tips: Vil køyra vanskelegstilte på juletur til Bergen



Heidrar Evy

Bussjåfør Gytri var sist veke ute i Os & Fusaposten og undra seg på om det ikkje var nokon som fortente ein busstur til byen på hans rekning. Etter kvart fekk han hjelp av Evy Søfteland, som me kjenner frå organisasjonen «Hjelp til og hjelpe Os». Resultatet vart ei samling av 21 småbornsmødrer/åleinemødrer som fekk seg ein tur på pizza-restaurant og til Pepperkakebyen i Bergen.

- Eg må takka Evy. Ho gjer ein strålande innsats for dei som har det litt trongt. Ho jobbar for desse året gjennom. Eg gjorde berre ein liten jobb ein torsdagskveld, konstaterer Gytri.

- Supert av Capri

Ein annan lokal støttespelar han vil trekkja, fram er dagleg leiar på Capri restaurant, Mustafa Erpolat.

- Han tok utfordringa og ønskte heile gjengen velkomen til middag i restauranten før me køyrde av garde til Bergen. Her serverte han flust med pizza. Meir enn nok til at alle vart stappmette. Dette var supert gjort av Capri, skryter Gytri.

I Bergen hadde bussjåføren alliert seg med dagleg leiar i Bergens Sentrum AS, Steinar Kristoffersen. Han hadde ordna fri inngang for heile Os-delegasjonen i Pepperkakebyen i Sentralbadet.

- Eg var ikkje med inn sjølv. Då gjorde eg unna nokre ærend. Men dei var der i kring halvannan time og koste seg skikkeleg. Ifølgje ungane var det ein rutsjebane som verkeleg gav sug i magen, så eg trur dei hadde det

skikkeleg moro, smiler den gåvmilde
bussjåføren.

Emne

NYHENDE

SOSIALE TILHØVE

Familie og born

Os



0 kommentarer

Sorter etter Eldste



Legg til en kommentar ...

[Programtillegg for Facebook-kommentarer](#)



Gav fleire familiar ein flott førjulskveld: Takkar Capri og Evy Søfteland for samarbeidet 🇨🇭